



Barnas Turlag inviterar til orreleik denne helga og det skjer for tredje gong. Staden er den same - Storhaug.

Bjørn Olav Tveit, som leiar denne sjeldne naturopplevinga, kan melda om god deltaking. Til no (torsdag morgon) har det meldt seg 23 deltakarar. Det er omtrent den same oppslutnaden som i fjor, då biletet over vart teke.

Overnattinga skjer i lavvo frå laurdag til sundag, men det blir kanskje ikkje så mykje søvn. For skal ein oppleve dette spennande natur-skodespelet frå starten må ein vera tidleg vaken!